
Fra: Øvre Vinje Taxi <ovrevinjetaxi@outlook.com>

Sendt: 31. desember 2018 18:53

Til: postmottak SD

Emne: Høring ang drosjenæringa

Eg er løyvehaver på drosjer i Telemark, stasjoneringssteder Haukeli-Rauland. 3stk hovedløyver og 2 reserveløyver.

Har lang erfaring som drosjesjåfør og løyvehaver. Har til tider veldig lite oppdrag, god kapasitet.

Etter mi meining burde alle grenser både innafor fylket og over fylkesgrensene opphevast. Dette hadde gjort sitt til at det blei mykje meir konkurranse, og eit mykje betre tilbod for kundane. Vi driver tross alt eit serviceyrke og då skal kundane stå i sentrum.

Eit eksempel- Løyvet mitt i Haukeli ligg ca 20min kjøring til Hovden i Setesdal, Aust-Agder. Då er eg over fylkesgrensa, og dermed ikkje har lov til å ta på meg oppdrag etter dagens regelverk. Synes dette er heilt feil, då det er eit skrikande behov for transport på Hovden. Eg har veldig god kapasitet, men får ikkje brukt denne pga regelverket. Drosjenæringa på Hovden fungerer ikkje i dag, takka vera dagens regelverk.

Fri flyt av godkjente drosjer over heile landet, hadde auka kapasiteten der det var behov for drosjer. Turane hadde også blitt billigare pga konkurranse.

Dagens maksimalprisforskrifter og taksameterbruk, fungerer heller ikkje tilfredstillande. Det hadde vore mykje betre med eit fastprissystem, der pris blei avtalt på forhånd mellom sjåfør og kunde. Taksameter er etter mi meining veldig gammaldags og tungvint.

Synlege drosjer overalt er viktig, då kunne vi få bukt med feks piratkjøringa. Eg vil påstå at denne virksomheten har eksplodert dei seinare åra. Dette er med på å undergrave heile drosjenæringa.

Drosjeløyva må sjølvstøtt godkjennast av statlege organ, og fagleg kompetanse er viktig.

Norges Taxiforbund motarbeider ein del av desse tankane. Det forundrar meg, då dagens ordning er eit monopol. Utvikling og nytenking blir ikkje prioritert.

Det som er aller viktigast er at grensene blir oppheva, slik at vi som løyvehavere får utnytta kapasiteten. Dette med hensyn til kundane, men også lønnsomheten i yrket.

Mvh

Olav Vadder

Løyvehavar